

	Oppsummering av fråsegna	Kommentar/svar
Statens vegvesen 19.06.15	<p>Viser til deira uttale til oppstart, 18.12.14, der dei bad om følgande:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Ønsker tekniske teikningar som syner at det er mogleg å bygge avkøyring/kryss i samsvar med vognormalane. 2. Tiltradde ei samordning av dei to avkøyrslene på staden. 3. Frisiktsona må endras fra 6x50 til 4x60. 4. Det må påførast radius på avkøyrla i plankartet. 5. For å få ei tilfredsstillande løysing på krysset må tilkomstvegen flyttast eller det må gjerast tiltak som sikrar god nok sikt og linjeføring i avkøyrla. 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Tekniske teikningar er utarbeida. 2. Dette vurderer vi som lite gunstig. Skal dette gjøres vil det kreve en utvidelse av planområdet som igjen vil være med på å sinke planen. Avkjørelsen er allerede eksisterende og økningen i trafikk i den vil ikke bli stor, det legges kun til rette for 5 nye fritidsboliger. Småbåthavnen og naustene i planområdet skal brukes av fritidsboligene og vil således ikke generere mer trafikk. Ved en utbedring av eksisterende kryss mener vi dette er tilstrekkelig i forhold til trafikksikkerhetstiltak. 3. Denne er endret. 4. Radius er påført. 5. Ein har som nemd vald å gjere tiltak i forhold mellom anna sikt og linjeføring istadenfor å flytte avkøyrla.
Hordaland fylkeskommune 10.07.15	<p>Vurderar å tilrå motsegn, grunngjevinga er omsynet til regionale friluftsinteresser og strandsona. Det vert vist til merknad av 15.05.14 og tilbakemeldingar der som ikkje har blitt følgt opp:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Plangrensa må utvidast til å innlemme heile arealet på nedsida av fylkesvegen. Området med dei eksisterande regulerte hyttetomtane må 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Planområdet er utvida til å omfatte heile eideomen og dei regulerte hyttetomtene i gjeldande plan er såleis også teke med. Ny varsling er også gjort.

	<p>regulerast til LNF-føremål dersom det skal kunne regulerast nye hyttetomtar. Ei slik omfattande endring av plangrensa vil krevje at det meldast ny oppstart av planarbeidet.</p> <ol style="list-style-type: none"> 2. Planforlaget manglar landskapsvurdering og omtale av verknader av nye byggjetiltak og infrastruktur på regionalt friluftsområde, dette må vere med i ny planomtale. 3. Av omsyn til det regionale svært viktige friluftsområdet må det ikke regulerast fleire hyttetomtar enn i eksisterande reguleringsplan. H4 må regulerast som naturområde for å skape mellomrom til eksisterande hytte. Dette vil skape eit område opent for ålmenta og gje tilgang til strandsona. 4. Nye bygg må lokaliserast og utformast slik at dei vert tilpassa landskap og terrenge. Det må ikke sprengjast, fyllast ut eller etablerast murar. Dette må sikrast i føresegnehene. Illustrasjon av fritidsbustader på plankartet som ikke er bindande, må verte erstatta av ei absolutt byggegrense som sikrar best mogleg plassering av nye bygg. 5. Mønehøgd må bestemmas ut i frå omsyn til landskapsverknader. 6. Planens føresegner må ikke vere i strid med kommuneplanens føresegner om storleik på fritidsbustad. 	<ol style="list-style-type: none"> 2. Dette er blitt utdjupa, samt at det er gjort ei vurdering av planforslaget opp mot naturmangfaldslova. 3. Eksisterande reguleringsplan legg opp til 4 nye hyttetomter i tillegg til den eksisterande hytta/bustaden, altså til saman 5 stk. Ny plan legg opp til 6 hyttetomter, inkludert den eksisterande tomta/hytta. Det er i dag tilstrekkeleg tilgang til strandsona i form av f_SGG og f_SV2. 4. Det er sikra i føresegnehene at utbygging skal tilpassast eksisterande terrenge, samt at alle terrenginngrep skal skje skånsamt. Større tre og annan verdfull vegetasjon skal og søkjast bevart. Byggegrenser er lagt inn i plankartet. 5. Mønehøgd er fastsett i føresegnehene og følgjer krava i kommuneplanen. 6. Føresegnehene følgjer kommuneplanen sine føresegner om storleik på fritidsbustader.
--	--	--

	<p>7. Føreseggnene må stille krav til kvalitet på arkitektonisk utforming og materialbruk.</p> <p>8. Av omsyn til det regionale svært viktige friluftsområdet og ålmenn tilgjenge til strandsona må det ikke regulerast fleire naust enn i eksisterande reguleringsplan.</p> <p>9. Planen må vise korleis naust skal plasserast for å gje minst mogleg terrenginngrep og privatisere strandsona minst mogleg.Utfylling i sjø kan vere ei mogleighet for å redusere terrenginngrep, men det skal ikke fyllast ut til meir enn grunnflata på dei to nausta. Planen må vise konkret plassering av naust.</p> <p>10. Føreseggnene må stille krav til nausta når det gjeld kvalitet på arkitektonisk utforming og materialbruk.</p> <p>11. Føreseggnene må stille krav til at det ikke kan settast opp stengslar eller anna som kan privatisere strandsona.</p> <p>12. Ei småbåthamn i dette området må utformast på enklast vis, slik at strandsona vert røra i minst mogleg grad og den ikke førar til privatisering av strandsona. Dette må sikrast i føreseggnene.</p> <p>13. Ein må skilje mellom reguleringsføremåla småbåthamn (6230) og småbåtanlegg (6730).Føremålet småbåthamn er, i følgje kart- og planforskrifta, tenkt nytt til ålmenne anlegg for</p>	<p>7. Kan få lagt til føresegns med krav til arkitektonisk utforming og arealbruk.</p> <p>8. I den gjeldande planen er det teikna inn 2 nye naust. I planforslaget er det teikna inn 3 nye naust. Slik vi har forstått er dette blitt gitt løyve til frå Radøy kommune då nausta berre skal brukast av fritidsbustadane innanfor planområdet, samt berre tek opp ein liten plass i strandsona.</p> <p>9. Det kan leggjast ved ein illustrasjonsplan som syner tenkt plassering av naust, småbåtanlegg og evt. fritidsbustadene.</p> <p>10. Kan lagast ei slik føresegn.</p> <p>11. Kan lagast ei slik føresegn.</p> <p>12. Kan lagast ei slik føresegn.</p> <p>13. Føremålet småbåtanlegg i sjø og vassdrag med tilhøyrande stransone er nytt og det er fastsett i føreseggnene bruken av anlegget.</p>
--	---	---

	<p>småbåtar der bruken ikkje er avgrensa til nærmere fastsette eigedomar. I reguleringsplan skal kategorien Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone – småbåthamn nyttast. Småbåtanlegg er mindre anlegg knytt til nærmere fastsette eigedomar, til dømes i eit bustad- eller hyttefelt. I reguleringsplan skal kategorien Andre typar bygningar og anlegg – småbåtanlegg i sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone nyttast.</p> <p>Føresegnene til reguleringsplanen må fastsetje bruken av anlegget.</p> <p>14. At det ikkje kan gjerast inngrep i naturområdet må sikrast i føresegnene.</p> <p>15. Badeplass må markerast som friområde med eigne føresegner.</p> <p>16. Gangvegen gjennom området må inngå som del av naturområdet. Naturområdet må regulerast heilt intill gangvegen og føremål anna veggrunn fjernast.</p>	<p>14. Står at terreng og vegetasjon i all hovudsak skal bevarast, men denne føresegna kan spissast meir om ønskeleg.</p> <p>15. Badeplass er teke ut av plankartet.</p> <p>16. Kan rettast opp i, annan veggrunn grøntareal kan takast ut.</p>
--	---	---